

Felles programstyre for lektorutdanninga

Protokoll frå møte i felles programstyre for lektorutdanninga

Møte 29. mai 2024

Tidspunkt: 29. mai, 2024, kl. 09.00 – 11.00

Møtestad: Lektorsenteret, Christies gate 20

Til stades:

Endre Brunstad (leiar), Liv Eide (PF-PPU), Martin Meggele Sjøen (PF-5LU), Aud Solbjørg Skulstad (vara HF-IF), Christine Hamm (vara HF-nordisk), Johan Lie (MN), Guri Reikvam (Bergen kommune, Slåtthaug ungdomsskole), Katrine Aske (studentrepresentantar), Ranveig Lote og Aud Irene Mehammer (sekretariat, lektorsenteret)

Meldt forfall:

Kjetil Børhaug (SV), Christian Sæle (HF-AHKR), Monica Håkonsli (VLFK), Thashany Pratheepan og Karine Holthe Børstad (studentrepresentantar)

Forslag til dagsorden:

I Godkjenning av innkalling og dagsorden

Innkallinga blei godkjend.

II Godkjenning av protokoll frå møtet 21. mars

Protokollen blei godkjend.

Saker til eventuelt: Ingen saker til eventuelt.

Vedtakssak

Sak 26/24 Møteplan haust 2024

På bakgrunn av nyleg oppsett møte i styringsgruppa 3. desember er det hensiktsmessig å flytte på det møtet som var planlagt for felles programstyre 4. desember til seinare i månaden.

Framlegg om ny dato og revidert møteplan:

- Onsdag 11. september, kl. 09.00 – 11.00
- Tirsdag 29. oktober, kl. 09.00 – 11.00
- Onsdag 11. desember kl. 13.00 – 15.00

Vedtak

Felles programstyre vedtek revidert forslag til møteplan for hausten 2024.

Sak 27/24 Tilbakemelding til NOKUT

Felles programstyre blir gjort merksam på at dette er ei tilbakemelding til NOKUT og ikkje eit høyringssvar, slik det kan synast som i saksdokumentet.

Vedtak

Felles programstyre vedtek framlegg til tilbakemelding til NOKUT, med dei innspel som kom fram i møtet.

Sak 28/24 Delstudium i utlandet

Lektorsenteret vil følgje opp saka opp mot fakulteta og be fakultet og programleiingar om å melde inn nødvendig informasjon, jf. saksdokumentet.

Vedtak

Felles programstyre vedtek at alle fagmiljøa på lektorprogramma ved det samfunnsvitskapelege- og det humanistiske fakultet legg til rette for utveksling i 6. semester i fag 1 og med relevant oppfølging av fag 2 i det same semesteret.

Fagmiljø som ønskjer det kan i tillegg tilby utveksling i 4. semester, som fag 2, og i 7. semester, som fag 1.

Sak 29/24 Praksis i utlandet

Felles programstyre støttar framlegg til vedtak.

Vedtak

- 1) Felles programstyre støtter opprettelse av permanent praksisavtale med Lycée Corneille, Rouen, Frankrike og pilotavtale med den norske skolen i Rojales for våren 2025.
- 2) Felles programstyre støtter også inngåelse av et praksissamarbeid med skole i et tysktalende land slik at alle lektorstudenter med fremmedspråk skal kunne få tilbud om utenlandspraksis i sitt fremmedspråk.

Sak 30/24 Høyring om opptakskrav og PPU-master

Vedtak

Programstyret sluttar seg til dei vurderingane som kjem fram i saksframlegget, og ser på det som eit godt grunnlag for ei høyringsfråsegn frå UiB.

Sak 31/24 Lektorutdanningskonferanse ved UiB februar 2025

I diskusjonen kom det innspel om innhaldet i konferansen. Det var ønske om å ha fokus på faglege spørsmål, og dersom ein tok opp ulike aktuelle problemstillingar knytte til utviklinga av lektorutdanninga, burde ein ha ein tydeleg fagleg inngang.

Vedtak

Programstyret vedtek at lektorutdanningskonferansen ved UiB i 2025 skal avviklast i veke 6 eller veke 7.

Felles programstyre føreslår at konferansen skal ha fokus på faglege spørsmål og på faglege inngangar til aktuelle problemstillingar.

Drøftingssak

Sak 32/24 Innspel til budsjett 2025

Felles programstyre hadde ingen innspel til saka.

Orienterings- og drøftingssak

Sak 33/24 Komitéar i lektorutdanninga

Lektorsenteret vil sende ut brev til fakulteta og programleiingane og be dei om å oppnemne komitémedlemmer til:

- Forskingsdagen 2024: 20 års-jubileum (14. november i storsalen i NG 5)
- Lektorutdanningskonferansen ved UiB i februar 2025 (veke 6 eller 7)
- Nasjonal lektorutdanningskonferanse haust 2025

Felles programstyre tek saka til orientering.

Orienteringssak

Sak 34/24 Søkartal 2024

UiB som heilskap hadde i år den største auken i tal på søkarar blant dei store universiteta, og lektorutdanninga gjorde det relativt sett bra samanlikna med andre universitet. Det var særleg gledeleg at lektorutdanning i nordisk hadde ein god søknadsauke. Samtidig er det framleis rekrutteringsutfordringar, og dei må vi arbeide for å betre.

Felles programstyre tek saka til orientering.

Sak 35/24 Redesign – status for implementering

Som prosjekt er arbeidet med redesign av lektorutdanninga avslutta. Fokus no vil vere på implementering av ny studiemodell.

Det er ikkje planlagt fleire utlysingar om såkornmidlar med tanke på planlegging og utvikling av kampuspraksisdagar.

Felles programstyre tek saka til orientering.